

Melding for Vener av Mjøsvågen for siste del av 2017 og 2018

Styret sitt framlegg til årsmøtet



Frå informasjonen som har vore tilgjengeleg på vår heimeside www.mjøsvågen.no:

I 2018 er sommarsesongen frå 24.6. til 12.8.2018. Fast opningstid er søndagar kl 14.00 – 18.00.

Torsdag 24.5.2018 kl 19.00 i tidlegare Nicolai Mjøs metallvarefabrikk ved Mjøsvågen vert det bokslepp ved ordførar Jarle Skeidsvoll for "Ein våg me veit um. Arbeidsliv ved Mjøsvågen". Boka er på 204 sider og er rikt illustrert med ca 200 bilete. Meir informasjon finn du [her](#).

Laurdag 23.6.2018. Opning av ny utstilling i Galleri Mjøsvågen. Sjå [Galleri Mjøsvågen](#). Kafeen er også open.

Sundag 24.6.2018 kl 14.00. Første søndag med sommaropen Mjøsvågen kafe.

Sundag 12.8.2018. Siste opningsdag i Mjøsvågen kafe for denne sesongen.

Sundag 9.9.2018. Opning av kunstutstilling i samband med kunstprosjektet NåDa. Meir informasjon kjem.

PROGRAM FOR SUMAREN 2018


OPE I MJØSVÅGEN KVAR SUNDAG KL.14.00 - 18.00 I PERIODEN 23.6 - 12.8.

| DAG, DATO, TID | AKTIVITET |
|---------------------------|---|
| Laurdag 23. juni kl.14-18 | Sesongopning i Mjøsvågen: Mjøsvågen Kafe, Hosanger Treskoverkstad, Galleributikk Utstillingsopningar: Galleri Mjøsvågen: Heidi Drejer: Maleri og figur, Lea Sangolt: Objekt Smia: Elke Karnik: Installasjon Kunstverkstaden: - Johanne Monrad, Bente Holmedal, Solvor Fjellby, Cathrine Bysheim, Sidsel Møller Trulsen, Else Karin Tysse Bysheim. "6 kvinner, 6 uttrykk" |
| Sundag 24.juni kl.14-18 | Sundag i Mjøsvågen |
| Sundag 1.juli kl.14-18 | Sundag i Mjøsvågen |
| Sundag 8.juli kl.14-18 | Sundag i Mjøsvågen Foredrag v/Elke Karnik |
| Sundag 15.juli kl.14-18 | Sundag i Mjøsvågen |
| Laurdag 21.juli kl.14-18 | Utstillingsopning i Galleri Mjøsvågen: - Linda Skare - Tegning - Skjalg Ekeland - Foto <i>Ope hus på Nortender - "Livet på ein tekstilfabrikk"</i> |
| Sundag 22.juli kl.14-18 | Sundag i Mjøsvågen. <i>Ope hus på Nortender - "Livet på ein tekstilfabrikk"</i> |
| Sundag 29.juli kl.14-18 | Sundag i Mjøsvågen |
| Sundag 5.august kl.14-18 | Sundag i Mjøsvågen |
| Sundag 12.august kl.14-18 | Siste søndag i Mjøsvågen for sesongen! |
| Sundag 9.september | Utstillingsopning av NÅDA-prosjektet |
| | |

Øvrige aktivitetar

Boka «Ein våg me veit um. Arbeidsliv ved Mjøsvågen.»

Osterøy sogelag i samarbeid med Vener av Mjøsvågen hadde bokslepp for boka «Ein våg me veit um. Arbeidsliv ved Mjøsvågen» **torsdag den 24. mai kl 19.00 i tidlegare Nicolai Mjøs (Askild Mjøs) metallvarefabrikk ved Mjøsvågen i Hosanger.** Boka er på 204 sider og er rikt illustrert med om lag 200 bilete.



Med boka kan ein no få oppleve arbeidslivet ved Mjøsvågen heime i godstolen i ei bok med gode historier og mange flotte bilete. Både kjent og gløymt søge er omtalt. Av det gløymte er m.a. garveriet som gjekk opp i flammar og påfølgjande 23 vitneavhøyr.

Under boksleppet der ca 50 personar møtte, orienterte Geir Kleiveland, forfattar og leiar i Osterøy sogelag, om boka og fortalde litt og synte bilete frå boka.

Lars Mjøs i Vener av Mjøsvågen fortalde om prosessen og om samarbeidet med sogelaget og forfattaren. Dette kan ein lese meir om i føreordet.

Åse Nilssen orienterte om komande aktivitetar ved Mjøsvågen i 2018.

Det var omvising i støyperibygget. Øystein Øvsthus orienterte og fortalde om planane om landhandel i bygget.

Ordføraren i Osterøy, Jarle Skeidsvoll, stod for sjølve boksleppet.

Boka tek føre seg dei ulike næringsaktivitetane folket ved Mjøsvågen har drive fram gjennom tida. Gardsbruka var småe, og det var nødvendig med ulike attåttnæringar.

Frå gammalt var det mange som var på bygningsarbeid. Seinare kom andre yrke til. Her var garvarar, fargarar, skreddarar, skomakarar, landhandlarar, tekstilprodusentar. Men kanskje meir spesielt var det at det utvikla seg næringsklyngjer i fleire næringar, det som i dag er så mykje omtykt. Ein føregangsmann startar og oppnår suksess. Det får andre til å hengja seg på. Ved Mjøsvågen skjedde det med kistemakarane, der den fyrste i løpet av eit par tiår fekk fylgje av sju-åtte som også laga kister og skrin og koffertar. I tiåra før og etter 1900 var det å laga kister ei viktig næring ved Mjøsvågen. Noko av det same skjedde i metallfaget. Også her fekk føregangsmannen fylgje av fleire som starta eigne verkstader, og i lang tid var metallverkstadene viktigaste arbeidsplassane i bygda. I dag har ein av desse verkstadene, Mjøs Metall, vorte ei av dei største bedriftene i Osterøy kommune.

Det er historia om dei mange næringsgreinene denne boka handlar om.

Bokprosjektet er støtta av Hordaland fylkeskommune og av Høgskolen på Vestlandet. Osterøy museum får overta mykje av dokumentasjonen som har vore nytta og vil få alle foto, både nye og gamle frå arbeidet med boka. Som tilleggsmateriell til boka er dei fleste bileta frå boka samt 170 ekstra bilete lagde ut fritt tilgjengeleg på Osterøy sogelag si heimeside der albumet har inndeling som innhaldet i boka.

I samband med opninga av Mjøsvågen Landhandleri AS hadde Geir Kleiveland ei ny orientering om boka, også då for fullsett sal.

Osterøy kunstlag har boka for sal i galleributikken. I tillegg til direktesal frå sogelaget er boka også til sals i ein del butikkar på Osterøy, m.a. Mjøsvågen Landhandleri AS.

Pr 1. oktober 2018 er det teke ut om lag 430 eksemplar av boka frå sogelaget sitt lager. Opplaget var på 1.000 eksemplar. Nokre bøker er gitt som gåve, nokre av bøkene er framleis på lager hjå kommisjonærane. Me veit ikkje nøyaktig kor mange bøker som er selde, men at lageret er minka så mykje, må vere eit svært bra resultat for ei sopass «smal» bok.

Vener av Mjøsvågen har kjøpt inn 9 eksemplar av boka for å ha som gåver.

NåDa

Osterøy kunstlag har delteke i eit nasjonalt prosjekt i regi av Norske kunstforeningar – NåDa.

Utstillingsopning i Mjøsvågen var søndag 9. september 2018.

På heimesida si har kunstlaget skrive: NåDa er eit nasjonalt prosjekt i regi av Norske kunstforeningar der 10 kunstforeningar/ -lag i Norge er plukka ut til å delta. Osterøy kunstlag er åleine i Hordaland som deltek. Norske kunstforeningar får stønad frå Sparebankstiftelsen DNB til prosjektet.

I NåDa-prosjektet skal samtidskunst og lokale kulturminne frå fjern eller nær fortid saman danna ei form for refleksjon rundt historie, stad, identitet, tilhøyrslø, samfunn og kultur. Det skal vera eit prosjekt der ungdom, biletkunstnarar og kunstforeningar, gjennom å arbeida med samtidskunst, skal reaktivera lokale kulturminne.

Mjøsvågen syner kulturminne for gründerskap, attåttnæring og industri heilt tilbake til 1800-talet. Og kulturminnet me har valt er «Amerikakufferten» som står for utvandringa til Amerika, dette temaet vert knytt opp mot dagen innvandring- og flyktningepolitikk. Eit tema som vil gå att i fleire aktivitetar og hendingar i Mjøsvågen – og evt. andre stader på Osterøy dette året – i form av kunst, foredrag og konsertar.

Kunstnaren til hovudprosjektet er Shwan Dler Qaradaki, som kom til Norge som flyktning i 1999. I 2017 er han ein etablert og anerkjent kunstnar i Norge, og har stilt ut ved fleire av våre viktigaste institusjonar og mottatt store stipend og fleire prisar. Han har også turnert i store delar av Norge og brukt mykje tid på å formidle historia om ein oppvekst i krig og korleis han brukte to og eit halvt år på flukta frå irakisk Kurdistan til Norge, i filmserien Salte Kyss.

Kunstnaren var ved Mjøsvågen i vel ei veke og arbeidde saman med 6 unge jenter om å dekorere veggane i eitt av romma i Kunstverkstaden til Else Karin Tysse Bysheim og Lars Magne Bysheim (tidlegare møbelfabrikk). Denne veka starta med seminar om utvandringa til Amerika og om kunstnaren sin innvandringshistorie og vart avslutta med utstillingsopning der heile 100 personar møtte. Det var eit sterkt kunstverk som vart «avduka».

Butikkopning

Laurdag 25.08.2018 var det opning av Mjøsvågen landhandleri AS i tidlegare Nikolai Mjøs metallstøyper. Etter 34 år har me på ny fått ein landhandel i bygda. Opningstida er 6 dagar frå kl 10 – kl 18, sundagar frå kl 12 – 18. Under opningsfesten møtte om lag 400 personar.

Om lag 30 personar og selskap er eigarar av aksjeselskapet der Randi Nordås eig vel halvparten av aksjane. I tillegg har mange bygdafolk delteke ved dugnader for å klargjere lokala for butikkdrift.

Butikken er blitt veldig koseleg og mange nyttar seg og av moglegheiten for å setje seg ned med litt kaffi og kaffimat.

Brosjyre

Osterøy kunstlag gav også i 2018 ut ei flott brosjyre for tilboda ved Mjøsvågen. Brosjyra var i A5 format og på 15 sider. Brosjyra fekk stønad frå Folkeakademiet. Vener av Mjøsvågen ytte eit tilskot på kr 2.287,50.

Opplev Indre Osterfjord

Åse Nilssen har, både på vegne av Vener av Mjøsvågen og for eiga guideverksemd, inngått eit samarbeid med Norlender Knitwear AS, Fjordslottet hotell, Møllehuset AS/Tøsse Mølle og Kleiveland gard om felles marknadsføring og sal av turar/opplevingar. Dette vart m.a. presentert i ei brosjyre på 8 sider i A5-format. Dette vert vidareført i 2019 der fleire aktørar vil vere med.

Åse Nilssen har tidleg i 2019 lansert si nye heimeside; www.roots-heritage.no der ho tilbyr aktivitetar og opplevingar m.a. ved Mjøsvågen og der også Indre Osterfjord-tilbodet er presentert.

Mjøsvågen Landhandleri, Berit Ophus og Lars Tyssebotn og Obuss vert med på konseptet frå 2019. Brosjyra kjem i 2019 både på norsk og engelsk.

Kunstverkstaden i den tidlegare møbelfabrikken som no er eigd av Mjøsvågen sjøeiendom AS, har husa fleire utstillingar og NåDa-prosjektet. Det er veldig positivt at me har fått eit breiare tilbod rundt Mjøsvågen.

Dugnadskafeen

Dugnadskafeen 2017 var svært vellukka. Dugnadsgjengen organiserte sundagssommarkafe (8 sundagar) også i 2018. Det har vore ulike kokke/serveringslag som har servert svært gode middagar mm. Tilbodet har vore så populært at det ofte har vore kø før opninga. Det har fleire sundagar vore selt ca 90 middagar. Det er godt gjort å klare dette på nokre få timar ein sundag.

Gjestane har fått gode opplevingar både i matvegen og sosialt og stemninga i dugnadsgjengane har vore god. Etter endt sesong hadde me ein triveleg dugnadsfest i kafeen (der kostnaden med maten, kr 5.016,44, er ført som utgift i sjølve kaferekneskapen). Gjennom dugnadsarbeidet er det skapt eit netto overskott på heile ca kr 106.000. Dette vert delt likt mellom Osterøy kunstlag og Vener av Mjøsvågen.

Galleriet/ galleributikken

i regi av Osterøy kunstlag har i 2018 gitt gode inntekter.

Ostrakister

Under Ostrakistekollokviet 24.10.2017 vart Vener av Mjøsvågen oppmoda om å samle opplysingar om Ostrakister for å finne ut meir om kven som har laga og dekorert ulike kister; altså; om ein har ei Ostrakiste, skal ein kunne sjå/finne ut kven som har vore produsenten. Lars Mjøs samlar bilete (m.a. frå finn.no) og opplysingar elles, m.a. etter tips frå medlemmer. På slutten av 2018 kom Aslaug Lønsethagen saman med tilsette ved Osterøy museum over ein rapport frå ei utstilling på Osterøy museum av «Gamal bygdakunst på Osterøy», Kulturvernemnda 1984-87 ved Berit V Vik. Her er det bilete av ei kiste rosemåla av Fuse Nilsen Hole, f. 1853, og ei kiste rosemåla av Lars Larsen Mjøs, «Små-Larsen», f 1877. Dette er det første sporet me har funne så langt som kan peike tilbake på heilt konkrete produsentar/ målarar.

Søknader om tiltak ved Mjøsvågen:

Naust innafor Refsneset

Aksjeselskapet Hoshovde søkte i 2015 om planering av naustområde (for 5 naust) og etablering av kaifront.

Dette er vorte ei svært omfangsrik sak der settefylkesmannen (Rogaland) 12.12.2018 oppheva kommunen sitt vedtak (om å gje dispensasjon for bygging).

Dei skriv:

«Eigedomen er i kommunedelplan for sjø og strandsone, godkjend 21.02.2018, vist som sentrumsføremål på land samt bruk og vern av sjø og strandsone i sjø. Det er i kommuneplanføresegn § 2.27 spesifisert at det i sentrumsføremåla er tillete med "kombinererte bygg for kontor/forretning/bustad". Det går fram av kommuneplanføresegn § 6.1 at ein i strandsona og på sjøen "skal ha særskild fokus på å sikre allmenn friluftsliv og rekreasjon". Området inngår i omsynssone H570 for kulturmiljø, jf. kommuneplanføresegn § 7.6. Klagar Fylkesmannen i Hordaland skriv: "Fylkesmannen si vurdering er at naust og kai ikkje er i samsvar med sentrumsformål jf. punkt 2.27 i føresegnene til KDP og kaifront er ikkje i samsvar med arealformål bruk og vern av sjø og strandsone."

Søkjaren har pr 21.12.2018 sendt inn krav om korrigering av avslag. Settefylkesmannen sin avgjerd inneber m.a. at strandsonen planer gjeld framfor «gjeldande» reguleringsplan.

Båttilkomst møbelfabrikken

Mjøsvågen Sjøeiendom AS (Kunstverkstaden) har søkt om dispensasjonar for å få byggje bryggje for å kunne få tilkomst med båt. Dette er også vorte ei svært omfangsrik sak. Også denne er avvist med nokolunde same grunngjeving som Refsnessaka.

Samstundes som desse sakene er avviste har det siste del av 2018 og først i 2019 føregått **gravearbeid og tildels store masseforflyttingar i den store fyllinga i samband med den nye avkøyringa til Refsneset**. Dette skjer i

samband med vassverkprosjektet Hosanger-Hamre. Men kva sakshandsaming og kva dispensasjonar er gitt her? Me får tru at dette fører til mindre skjemmande fylling.

Toalett badestranda

Bergen og omland friluftsråd har i sommar opna toalett (utedo med nedgravd tank) ved badestranda ved Sperneset. Dette er kjærkome, men det er rart at kommunen ikkje har kravd tilkopling til kommunal kloakk som ikkje ligg så langt unna.

Kommunedelplan for sjø og strandsona 2018 – 2017 er vedteken.

Lys blå: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsoner
Brun: Sentrumsformål

For område ved Mjøsvågen gjeld elles følgjande endringar:

For område «GP1 **Hosanger kyrkje**» er det lagt inn sone med park for å sikre at området vert ivaretatt som felles tilgjengeleg område. Det er ikkje tillatt å gjera tiltak som rører ved eller på nokon måte har ein negativ verknad for kulturminner. Kulturminnestyresmaktene skal ha blitt gjeve moglegheit til å uttale seg før det kan bli vurdert å gje løyve til tiltaka. Omsynsoner kulturmiljø er utvida.

Naust nordvest for Hosanger kyrkje:

Unntatt plankrav, men med føresegnar for utforming mm.


Mellom kaia og det nordaustre hjørnet på no Mjøsvågen Landhandleri

er avsett ein stripe til «Grøn struktur»: Grøne strukturar er ein fellesnemnar for grønne føremål som td. friområde, friluftsområde og andre typar blå- grønne infrastruktur. Føremålet er å leggja til rette for rekreasjon, friluftsliv og allmenn tilgang, samt bevaring eller opparbeiding av vegetasjon ol. til andre føremål enn landbruk, jordbruk eller skogbruk.

Vest for Hosangerheimen er avsett eit område som friluftsområde.

Ved Skålvika/ Norlender er avsett eit område:

Andre typar bygg og anlegg: naust, kai. Faresone, skred Kombinert byggje - og anleggsføremål. Føresegn: I område BKB1 Hosanger kan det etablerast næring, forretning, kontor, anlegg for turistføremål, oppstillingsplass for bubil,



museum og tiltak for kulturarrangement. For eksisterande naust er det tillate med vedlikehald, oppussing og anna restaurering. Det er ikkje høve til å utvide grunnflate eller høgde på naust ut over det som er lik dagens mål.

På toppen av den store skjeringa som følgje av vegomlegginga vart det på ettersomaren sett opp store bokstavar; «**Hosanger**». Og det er laga capsar og anna materiell med «Make Hosanger great again». Dette har vore populære tiltak.

Kommunen har i 2018 arbeidd med bygging av **høgdebasseng i Hoshovdåsen** i samband med Hosanger-Hamre vassverk. Det vert lagt sjøleidning som kryssar Mjøsvågen. Det er bygd **anleggsvegar som gjev nye turmoglegheiter** og som eventuelt kan nyttast til **gang- og sykkelsti**, m.a. i samband med **Hoshovdstølen bustadfelt** der planarbeidet held fram.

Mjøs metallstøyperimuseum.

Sjølve støyperiet etter Nikolai Mjøs metallstøyperier (Askild Mjøs) vert kjernen i Mjøs Metallstøyperimuseum som Mjøs Metallvarefabrikk AS og Brødrene Øvsthus AS står bak. Støyperiet ligg i tilknytting til Landhandleriet og vil vere oppe når butikken er open. Lars Mjøs er i gang med å lage presentasjonsmateriell og stillbiletevideoar for å syne historikken mm til dei 3 metallstøyperia i bygda. Museet er ei flott tilvekst til opplevingstilboda ved Mjøsvågen.

Vener av Mjøsvågen er medlem i **Osterøy reiselivslag**. Reiselivslaget har m.a. gjort eit godt arbeid for å marknadsføre og styrke aktivitets- og opplevingstilbodet i Mjøsvågen.

Økonomi

Pr 1.1.2019 ha Vener av Mjøsvågen kr 209.260,69 på konto. Kr 22.000 av dette skal betalast til Mjøsdaalen idrettslag og kr 52.700,- til Osterøy kunstlag for deling av kafeoverskotet. Me er også skuldig nokre mindre postar. Dermed har Vener av Mjøsvågen ein kapital på ca kr 130.000 og økonomien er god.

Styret har sidan 20.11.2017 vore slik samansett:

| | |
|-----------------------|------------------------|
| Lars Mjøs, styreleiar | Varamedlemer: |
| Åse Nilssen | Mette Rude |
| Veslemøy Gullachsen | Kari L Mjøs |
| Kjell Mjøs | Aslaug Lønsethagen med |
| Inge Rune Fanebust | Else Røslund som vara |

Aslaug Lønsethagen er kasserar. Lars Mjøs har ført rekneskapen.
Lars Magne Bysheim, revisor

Det har vore styremøte 5.2.2019. Fleire prosjekt og tiltak har vore styrte av eigne grupper. Styremedlemmer har undervegs blitt orientert og involvert gjennom epostar, samtalar og ulike møte.